



KROSSENS HAVREMØLLE I SANDNES

Dokumentasjon av ei produksjonsbedrift.

MÅLFRID GRIMSTVEDT

Sandnes har i alle år hatt eit allsidig næringsgrunnlag, ikkje minst som handverks- og industriby. Her har ein både nytta lokale ressursar som leire og landbruksprodukt frå Jæren og tilførte råvarer som metall og trelast. I dag er mykje av industrien frå dei første hundre åra i byhistorien avvikla, utan at det ennå har fått plass på noko museum. Men det har pågått både museumsplanlegging og -dokumentasjon i Sandnes dei siste åra. I denne artikkelen skal me presentera eitt av prosjekta: dokumentasjonen av den siste havregrynsmølla som var i drift i Sandnes.

Havregrynsindustrien i Sandnes

Produksjon av havregryn har vært eit karakteristisk trekk i næringslivet i Sandnes. Både havredyrking og grynlindustrien høyrer til dei mange landbruksstiltaka som kan sporast tilbake til Jan Adolph Budde og landbrukskolen på Austrått. Budde fekk Thore Stokkaland i Høyland til å byggja ei lita primitiv grynmølle sist i 1850-åra. Det blei inga varig verksemd av dette. Men få år seinare starta Jonas E. Lura ei mykje betre grynmølle med stem i Lurabekken. Den mølla hadde mekaniske sold og blåsemaskinar (Grude, 1914:871). Dette var starten på ein omfattande havregrynsindustri på Jæren. Dei fleste grynmøllene låg i Høyland. Området innerst i Gannsfjorden var sjølvre senteret.

I 1920 var det tolv havregrynsmøller i Sandnesområdet. Det utgjorde 2/3 av alle havregrynsmøllene i landet (Gramstad, 1986:40). I 1929 blei

Statens kornforretning oppretta og frå den tid har dei regulert matmjøl- og matgrynproduksjonen. Sist i 1930-åra produserte Rogalandsmøllene meir enn halvparten av alt havregryn i landet. I 1945 låg fjorten av landets atten havregrynsmøller i Rogaland og heile åtte av desse i Sandnesområdet. Statens Kornforretning påla tidleg i 1950-åra sju av havregrynsmøllene i Rogaland å legga ned sin havregrynsproduksjon. Seks av desse låg i Sandnesområdet. Det var: Åse mølle i Åsedalen, Skeiane mølle på Skeiane, Svilands mølle i Oalsgata, Lunden Havremølle i Lunden, Bore mølle i Lunden og Nydalens Mølle i Lunden. Dei fem førstnemnte måtte legga ned drifta i 1955, medan Nydalens Mølle fekk kjøpa konsesjonen til Reinert Hetland si mølle i 1951 og fortsette drifta (Gramstad, 1986:56). I 1969 var det ni havregrynsmøller i Norge, fem av desse i Rogaland. (Statens kornforretning: 27).

Det har gjennom åra vore kring tjuefem ulike møller som har drive havregrynsproduksjon i Sandnes kommune. Tolv av desse starta før 1900. Stangeland Mølle og Krossens Havre-

Fig. 1

Krossens Havremølle ligg midt i dette fotografiet frå 1935, på øvre sida av krysset mellom Storgata og Oalsgata i Sandnes sentrum.
Foto: Widereøe's flyveselskap * Sandnes kommune.

mølle var dei siste to møllene som la ned drifta. Det skjedde i 1988. Etter dette er det fire møller i Norge som produserer havregryn, med Moss Aktiemølle som den største.

Museumsprosjektet

Hausten 1987 fekk Sandnesmuseet tilbod frå eigarane av Krossens Havremølle om å overta produksjonsutstyret etter nedlegginga. Sandnesmuseet engasjerte Jærmuseet til å dokumentera havremølla. På same tid var to representantar frå Utvalget for teknisk og industrielt kulturvern i Norsk Kulturråd på befaring i Rogaland og dei fekk då m.a. sjå Krossens Havremølle. Dei oppfordra oss straks til å videofilma havregrynsproduksjonen som lekk i dokumentasjonen og lova støtte til eit slikt prosjekt. Det var tale om samtidsskematisasjon - å dokumentere den industriproduksjon som føregjekk i 1988. Men mølla er ikke typisk for dagens moderne industri, snarare for 1950 - og 60-tallet. Møllemaskinane og -utstyret er ikkje spesielle for Krossens Havremølle, med nokre få, men viktige unntak.

Produksjonsgangen ved denne mølla er i store trekk den same som ved andre havregrynsmøller. Me har med bakgrunn i eit generelt innsyn i havregrynsproduksjon kunna legga vekt på å vise korleis produksjonsprosessene var ved denne spesielle mølla.

Hovedmålet med dokumentasjonen var å skapa eit arkivmateriale som viser:

- produksjonsprosessene og arbeidsmiljøet slik det var den siste tida mølla var i drift
- utvalet av maskinar og utstyr, korleis dei er plassert i produksjonsprosessene og korleis dei er innpassa i bygningane.
- historisk utvikling

Følgjande typar kjeldemateriale er samla:

Intervju, foto, videofilm, teikningar, kopi av dokumenter og trykt materiale.




Fig. 2

Egil Mong frå Dalane TV videofilmar skallekverna. Alle delane av produksjonen blei filma på ein dag i april 1988.

Gjenstandsmaterialet omfattar både allment møllestyr og spesielle maskinar frå grynpunktet. Dei omfattar både fabrikkprodusert utstyr av utanlandsk fabrikat og lokalproduserte maskinar frå mekanisk industri i Sandnes. Den mest spesielle maskinen er posefyllemaskinen som er konstruert og laga i eigen verkstad i Krossens Havremølle.

Familien Lura, og spesielt møllemester Jimmy Lura, har vore sers hjelpsame og brukt mykje tid på arbeidet. Jimmy Lura har vore ein god "læremeister" og såleis gjort det mogeleg å festa ein komplisert produksjonsprosess til papir og videotape.

Videofilmen er den viktigste delen av dokumentasjonen. Filmen er blitt til i samarbeid mellom Jærmuseet og eit profesjonelt video-selskap, Dalane-TV i Egersund. Det er ei lang rad profesjonelle videoselskap i distriktet og difor vanskeleg å finna det "rette". Eg laga opplegg og dreiebok for filmen og ba tre ulike videoselskap om anbud på opptak og redigering. Prisen varierte frå stort:

kr. 145.000,- ; kr. 100.000,- og kr. 17.000,-. Sistnemte fekk tilslaget. Den store skilnaden i pris grunna seg bl.a. i kor mange dagar dei ulike selskapene rekna ville gå med til opptak og redigering. Filmopptaka blei tekne i løpet av ein dag. Då hadde me filma alle delar av grynproduksjonen. Sidan blei dette redigert ned til ein 25 minuttars video, med lyd og kommentarar. Heile videoen, mitt arbeid inkludert, kom på kr. 30.000,-. Opptaka blei gjort i "fjernsynskvalitet", dvs. Betacam, og redigerte til Umatic. Den ferdige versjonen blei kopiert til VHS, men kan også kopierast i andre format.

Oppdraget frå Sandnesmuseet var avgrensa til eitt månadsverk. I tillegg kom produksjonen av videofilmen. Men etter at videofilmen var ferdig, fekk me ei ny oppfordring frå Utvalget i Norsk Kulturråd: Sørg for å få oppmålt heile mølla så nøyaktig at det sidan kan lagast ein modell av mølla. Det blei vist til at Norsk Teknisk Museum har ei gruppe pensjonerte ingeniørar som driv modellarbeid på dugnad. Me tok kontakt med NITO-Avdeling Sandnes og Jæren med spørsmål om det blant deira medlemmer kunne finnast ingeniørar som ville gjera ein dugnadsinnsats på mølla. Svaret derifrå var positivt og våren 1989 starta 3-4 pensjonistar på å laga nøy-




Fig. 3

Jon Aksel Granberg er ein av pensjonistane som legg ned mange dugnadstimer i å dokumentera korleis dei ulike møllemaskinane er kopla saman og plasserte i bygningen.

aktige teikningar av mølla. Dei kunne då gå vidare ut frå dei registreringane og skissemessige oppmålingane som eg hadde gjort.

Dokumentasjonen er ikkje avslutta ennå. Det er heller ikkje avklart kva som vil skje med mølla og utstyret. Det var planlagt bustadbygging på tomta frå 1988. Men det prosjektet blei skrinlagt. Sidan har ikkje eigaranne funne nye kjøparar til eigedommen. Sandnesmuseet på si side har ikkje lager til å ta imot maskinar og utstyr. Så inntil vidare står alt slik det var den dagen drifta stogga.

Krossens Havremølle - ein familiebedrift

Det eldste dokumentet knytta til familebedriftena Krossens Havremølle i Storgt. 26 i Sandnes er eit skjøte datert 6. februar 1900. Her står det at Chr. O. Idland og Chr. O. Østraadt sel ei hustomt på øvre side av Storgata til Thomas Lura. Tomta blei oppmålt den 23. mars same år og var på 380 m². På tomta hadde Thomas Lura alt året før, i 1899, bygd

seg eit bustadhus. Dette huset står framleis på tomta.

Thomas Lura var fødd på Lura i 1874, som son av teglverksarbeidar og husmann Ola T. Herikstad og kona Ane. (Aurenes: 280) Thomas gjekk i lære i ei mølle på Lura. Han gifta seg i 1894 med Karen Kristine Kjellingland. Dei fekk to søner og ei dotter. Det var snekkerverkstad han satsa på i første omgang i Storgata. I 1906 bygde han ein verkstad der han laga trekvite furumøblar, kommodar, bord og stolar.

I 1912 kjøpte Thomas Lura 106 m² tomtegrunn bak snekkerverkstaden og bygde ei mølle. I dei neste åra var det aktivitet både i mølla og snekkerverkstaden. Men mølla fekk overtaket og det blei jamt slutt med møbelproduksjonen. Mølledrifta blei utvida med innkjøp av nye areal i Storgata og frå midten av 1920-åra starta dei også kraftforproduksjon. Det blei bygd eit eige anlegg for dette på Vågen i Sandnes. Thomas Lura (1874 - 1956) blei møllar for resten av livet. Dei to sønene, Olaf og Tønnes arbeidde også i mølla i alle år og dreiv firmaet saman etter faren si tid.

Olaf Lura (f.1896 - d.1980) gifta seg og fikk bl.a. tre søner som gjekk inn i firmaet: Thomas f.1919, Karl Andreas (Boa) f.1920 og Ole Henry (Jimmy) f.1921. Thomas og Boa sluttet etter nokre år. Jimmy begynte i 1935 og arbeidde på mølla like til ordinær drift stansa i 1988. På det meste var sju personar, alle frå familiien, i arbeid i havregryns- og kraftforproduksjonen.

Frå midten av 1970-åra blei havregrynsproduksjonen gradvis nedtrappa, frå vel 400 tonn havregryn pr. år til eit gjennomsnitt på 275 tonn pr. år dei siste åtte åra. I perioden 1968 - 1971 blei det selt ca. 1 250 tonn kraftfor i gjennomsnitt pr. år. Kraftforproduksjonen var med andre ord tre ganger så stor som havregrynsproduksjonen.

Bedrifta dreiv kraftforanlegget på Vågen fram til 1975. Då leide Jonas Øglænd a/s anlegget. Øglænd

selde seinare heile si kraftforavdeling til Skretting. For øyeblikket er det Norsk Biofor som leiger og bruker siloanlegget til fiskefôrproduksjon. Hausten 1987 vedtok eigarane, aksjeselskapet Krossens Havremølle a/s, at resten av havregrynsproduksjonen skulle leggast ned og eigedommen, Storgt. 26 selgast. Torsdag 9.juni 1988 var siste ordinære pakkedag på Krossens Havremølle, ei hending som blei omtalt i såvel Stavanger Aftenblad som Rogalands Avis.


Mølla i Storgata.

I dag ligg Krossens Havremølle med eit dominerande vinkelbygg med fleire mindre påbyggingar. Bak den heilslege fasaden er det skult bygningsdelar med ulik alder. Ved å samanhælda opplysningene i branntakster, målebrev og opplysningar frå Jimmy Lura, er det mogeleg å følgja om- og påbygningane steg for steg.


Den første møllebygningen blei lagt med brystet inntil snekkerverkstaden og bygd så langt mot vest og nord som eigendomen strekte seg. Det var ein vinkelbygning, bygd av 1 1/2 steins mursteinsmur i to etasjar med loft. På taket blei det lagt flat teglstein. Under hovedfløyen var det kjellar, med ei takhøgde på 1,7 meter.

Mølledrifta må ha gått bra, for alt i 1916 blei snekkerverkstaden revet og møllebygningen utvida til meir enn det doble. Hovedbygningen ble forlenga ned mot bolighuset, til den lengden det har i dag. Mot sør blei det bygd ein sidefløy, slik at ein også der fekk same bredde som dagens bygning. I 1. etasje var det 4 rom: to tørkerom, møllerom og lager, samt stall og W.C. 2.etasje inneholdt to lagerrom og ei rullebod. Kjeller og loft hadde eitt rom.


I 1918 blei naboeigedomen, Storgt. 24 kjøpt frå Sem Kartevold og i 1922 ble Oalsgt. 15 og 17 kjøpt. Mølledrifta blei utvida tilsvarande. I november 1919 blei det halde branntakst over ein ny lagerbygning. Det gjaldt den fløyen som i dag inne-




KROSSENS HAVREMØLLE i 1912



KROSSENS HAVREMØLLE i 1916




B Storgata KROSSENS HAVREMØLLE i 1919



KROSSENS HAVREMØLLE i 1930

*Fig. 4
Grunnplan av møllebygning og bustad i Storgata 26 i 1912, 1916, 1919, 1930, 1988. Rekonstruert på grunnlag av brann- takstar, målebrev, skjøte og oppmålings-teikningar.
Rekonstruksjon og teikning ved forfattaren.*



KROSSENS HAVREMØLLE i 1988

held garasje og kontor. Bygningen blei sett opp i same materiale som resten: "1 1/2 stens murstenhulmur, tækket med flat teglsten paa sutag." 1.etasje blei innreda med to rom. Det eine til stall, det andre til vognskjul. I 2.etasje var det eit rom som blei brukt til lager for ferdigvarer. Loftet blei også brukt til lager.

Midpartiet på hovedbygningen hadde då framleis bare halv breidde samanlikna med nåværende breidde. Ein gong i 1920-åra blei midpartiet utvida og bygningskroppen fekk den forma som han fortsatt har.

I 1925 utvida Krossens Havremølle på ny med eit anlegg på Vågane i Sandnes. I februar dette året blei det halde branntakst over Havnegt. 8. Få år senere blei den bygningen innreidde til mølledrift, i tillegg til lager. Utvidinga av drifta fortsatte. Thomas Lura kjøpte badehustomta, Havnegt. 7 av Sandnes kommune. Det gav mølla plass til eigen kai. I 1931 blei det bygd ein ny stor silo på nabotomta mot sør.

Havre og havregryn

Krossens Havremølle var i alle år ei handelsmølle. Det vil sei at ein kjøpte råvarer, korn, og selde dei ferdige produkta, havregryn og kraftfor. Mølla dreiv ikkje som bygdemølle, dvs. dreiv leigemaling for bøndene.

I dei første åra leverte bøndene havre direkte til mølla. Havren blei veid inn og prisen avtalt etter kvalitet. Det var ingen faste leverandørar. Bøndene kom og baud fram havren sin. Det var stor forskjell på kvaliteten. Det kunne skilla to-tre øre på kiloen etter kvalitet.

Jærhavren var stor og fyldig havre, med tynt skall. Det var gode eigenskapar når ein skulle laga havregryn. Det blei lite avfall, opptil 70% gryn. Den hadde mye til felles med havren frå Canada, ifølgje Jimmy Lura.

I 1920-åra var det importforbud for havre, og myndighetene gav ikkje dispensasjon for dette der som den utenlandske havren var for billig samanlikna med den norske. (Statens Kornforretning :127). I 1929 blei Statens Kornforretning oppretta med føremål å skaffa fram alt korn som skal brukast til mat her i landet. Handelsmøllene måtte arbeida etter kontrakt med Statens Kornforretning frå denne tid. Det blei slutt med å kjøpa kornet direkte frå bøndene.

Før var havren "ladde", dvs. han var skåre og tørka på åkeren. Etterpå blei han tørka vidare i løene eller på tjelm. Fuktigheten i havrekornet var svært varierende. Møllaren måtte då måla fuktigheten. Det blei gjort i eit lite tørkeapparat. Ved å legga på 10 gram korn kunne ein lesa av fuktighetsprosenten etter kvart som det tørka. Apparatet var enkelt, men tidkrevande. Fuktigheten må ned i 6-7% under skallingen, men skal opp i 11-12% igjen før han blir klemd til grynen.

Thomas Lura satset på produksjon av havregryn frå starten av. Dei første åra blei det laga tørrpressa havregryn. Men etter få år fekk dei dampapparat og dei har sidan laga damppressa havregryn. Gryna blir oppvarma av damp like før pressinga. Då utvides stivelseskorna og cellene sprenges. Det gjer at gryna blir lettare å koka. Dampinga gjer også gryna meir haldbare. (Meyer 1952:469).

Sist i 1930-åra blei det utvikla ein patent for å laga små, lettkokte havregryn. Kvart havrekorn blir klypt i tre - fire bitar før det klemmes til grynen.

Teknologien

Då Thomas Lura starta si mølle i 1912 var det ca. ti andre havremøller i det nærmeste distriktet. Fram til denne tid var alle møller drivne med vasskraft. Oalsbekken rann over tomta til Lura, det var også eit alternativ. Sandnes by hadde fått elektrisk kraft. Det var alt starta to møller i Sandnes, baserte på

elektrisk kraft. Thomas Lura blei den tredje då han installerte 3 elektriske motorar til si mølledrift. Han fekk også elektrisk lys med 8 lamper i mølla.

Den første branntaksten for Krossens Havremølle fortel om følgande mølleutstyr: Tre plantørker og tre steinkverner. Drivkrafta blei overført frå motorane til kvernsteinar og tørker ved hjelp av "transmisioner" dvs. aksel, og reimskiver. Det var elektrisk heis, truleg den same som framleis er i drift, for å heisa kornet opp til lageret i 2.etasje og loftet (3.etasje).

Kornet blei tørka på tre **plantørker** i 1912. Talet auka til fire i 1916 og åtte i 1918. Kring 1929 blei plantørkene skifta ut med den **damptørka** som var i bruk til 1988. I 1914 kjøpte Thomas Lura eit stykke i Soma-myra for å kunna skjæra torv. Det ble brukt torv til fyring både under 1. og 2. verdenskrig.

Olaf Lura bygde en bygg-tørkemaskin i 1920-åra. Det er truleg den som blir omtalt i branntaksten frå 1928. Den står framleis i kjellaren. Men det var vanskeleg å få seldt byggryn, så produksjonen blei nedlagt etter få år.

Fram til 1936 ble havren skalla og avfallet malt på steinkverner som stod i 1. etasje. Dei blei drivne av ein elektrisk motor som stod i kjellaren. Overføringa skjedde ved hjelp av aksling og reimer. Det var to kverner i bruk frå starten. I 1916 var det fem kverner, i 1918 var det sju kvernsteinspar. Så gjekk talet nedover att. I 1928 og 1930 var det fem kvernsteinspar og seinare fire. I 1936 blei disse kvernene skifta ut med den slagmølla som var i bruk fram til nedlegginga.

I branntaksten frå 1916 er det med "1 sigt med elevator" i tillegg til kvern og tørker. Men alt i 1918 var utstyret meir rikhaldig. Då var det grynklemme-maskin og to triørar, samt seks elevatorer.

Den 18. mai 1928 var det brann i den største av de elektriske motorane i mølla. Difor blei det halde

verdi- og skadetakst. Den innehold ei nøyaktig liste over eit rikhaldig møllemaskineri. Det er delt i ein "Grynavdeling" og ein "Melavdeling". I "Grynavdelingen" er det både ein underløpar, skallekvern med diameter på 1,2 m; ein etterskaller, 19" Stein; ein paddy med tredve kamre i tre etasjar; eitt plansåld; to pusskassar; en vifte med syklon; ei grynvalse og eitt dampapparat.

På loftet var det aspiratør med syklon; tre triørar; ei centrifugalsikt; samt tre elevatorer fra kjellar til loft og tre elevatorar frå 1.etasje til loft.

I "Melavdelingen" var det ein elevator frå kjellar til loft og tre elevatorar frå kjeller til 2.etasje; ein blandemaskin med behaldar; ei grøppekvern; ein luftkompressor; ein vasskjel og tre vekter i tillegg til kvernene med behaldare.

Branntaksten innehold fem elektriske motorar, fem transmisjonar og tre mellomakslingar i alt.

Møllemaskinane blei kjøpte gjennom agentar for spesielt tyske og svenske fabrikkar. Dei sende katalogar over møllemaskinar etterkvart som det kom noko nytt. Jimmy Lura nemner spesielt det tyske firmaet Schule, i Hamburg. Det var ingen lokale maskinagentar i Sandnes. Dei nærmeste var i Stavanger. Det kom også agentar fra Oslo. Men mølleeigarane fekk også lokale handverkarar og bedrifter til å laga møllemaskinar, etter modell av utanlandske. T.d. er dampapparatet i Krossens Havremølle laga på Sandnes, etter modell av det dei hadde tidlegare. Fleire av pusskassane er også laga lokalt.

Havregryna blei selde i sekkar, kvite lerretsekkar, like til i 1950-åra. Dei prøvde seg med å pakka i småposar før 1940, men det var berre ein prøve. På den tid blei det selt tørrpressa havregryn i småposar under merket Frigg. Nydalen Mølle i Stangelandslunden produserte gryna, men dei blei pakka i Oslo. (Nydalen :42ff)

R E N S E R I E T

Bygg og andre kornsorter
og rusk av alle slag
fjernes.

Havren tørkes til rette
fuktighet.

M A L I N G

Skallet fjernes fra kornet og kornet renses.




Fig. 5

Flytdiagram for produksjon av havregryn i Krossens Havremølle, 1988. Teikna av forfattaren.




Fig. 6

Denne pusskassen i 2. etasje tar imot malegodset fra centrifugalsikta i etasjen over. Her blir skall skilt frå korn. Pusskassen blir driven av ein motor i kjellaren og krafta overført ved hjelp av reimskiver og akslinger.





Fig. 7

Havrepresenta står også i 2. etasje. Til venstre ser ein to elevatorar.


G R Y N
P R O D U K S J O N

Her dampes og klemmes havregrynene.



P A K K I N G A V
H A V R E G R Y N I P O S E R

Grynenes veies og fylles automatisk.
Posene limes og pakkes i esker for hånd.



M A L I N G A V A V F A L L
T I L K R A F T F O R

Avfall samles fra hele prosessen og føres til slagmølla hvor det males til mjøl.





Fig. 8

Kristine, Margot og Jimmy Lura pakket havregryn for siste gong den 9. juni 1988.




Fig. 9

Boa og Jimmy Lura stuer på lastebilen den siste pakkedagen. Sendinga gjekk m.a. til Spjelkavik.



KONGERIKET NORGE

PATENT NR. 95 635

STYRET FOR DET INDUSTRIELLE RETTSEVERN


har med hjemmel i lov om patenter av 2nen juli 1910 med senere endringslover, ved beslutning den 2.januar 1960

gitt Thomas Lura,
Sandnes,

patent på: "Posefyllemaskin",

overensstemmende med den vedheftede fremstilling.

Patentets beskyttelsestid løper fra 14.februar 1958,
da krav om patent anses innkommet til Styret for det industrielle rettsvern.



Oslo, den 29.februar 1960.

Thomas Lura
Direktør

118 - 10-59 - 3000 CM

Patent påstander:

1. Posefyllemaskin forsynt med et posemagasin hvorfra en pose om gangen uttas ved hjelp av sugeskåler e.l., hvor posen deretter griper fra hver sin side av andre motsæende sugeskåler som åpner posen ved å fjerne dens sidevegger fra hverandre, hvorpa posen føres under en fyllingstrakt som den tres inn på, hvoretter fyllingen foretas, karakterisert ved at nevnte motsænde sugeskåler (4, 5) for åpning av posen sitter på armer (6, 7) anordnet på en frem- og tilbake ført vogn (11), hvis øvre del med armene (6, 7) også kan beveges vertikalt for å tre den åpne posen opp og inn på fyllingstrakten (8), idet den vertikale bevegelse av vognens (11) øvre del skjer ved hjelp av en løfter (19) som tidvis kommer i kontakt med vognens (11) øvre del.




Fig. 10 og 11

Thomas Lura konstruerte og bygde i 1950-åra ein maskin som fyller havregryn automatisk i posar. Maskinen blei brukt så lenge mølla var i drift. Den bør få plass i ei museumsutstilling. Då vil den kunna demonstrera viktige poeng ved Sandnes si næringshistorie: Iderikdom og praktisk sans bruk til å utnytte lokale ressursar i inntektsgevande verksemder.

Etter krigen begynte ein igjen med å pakka i smått på Krossens Havremølle. Thomas Lura (den eldste) auste oppi "grov-viktå", dvs. omrentlig mål, med skuffel. Så sette han posen på vekta og finveidde i 1 kg og 1/2 kg posar. Dette var seint arbeid. Dei kjøpte automatisk vekt. Då måtte ein person sette under posar etterkvart som gryna blei målt opp.

Thomas Lura, bror til Jimmy Lura, diskuterte pakkeproblemet med far sin, Olaf Lura. Han konstruerte og bygde ein posefyllemaskin som han fekk norsk patent på i 1958. Maskinen blei bygd i verkstaden på mølla. Men først laga han ei bandsag for skjæring i metall. Schanche Olsen på Polaris fabrikken var den første i distriktet som kjøpte metallbandsag. Den fekk Thomas Lura låne. Det var eit opent miljø mellom bedriftene på Sandnes. Det var aldri vanskeleg å få hjelp av kvarandre på den måten. Posepakkemaskinen var ferdig i 1952. Margot Lura, gift med Thomas, pakka havregryn frå starten og til dei la ned i 1988.

Kraftfør

Ved all havregrynsproduksjon blir det ein god del avfall i form av andre kornsortar samt støv og skall frå havren. Dette er avfall som godt kan brukast til dyrefør. Bøndene har t.d. i alle år kjøpt skall direkte frå mølla. Men avfallet kan også malast og blandast med andre kornsortar til kraftfør for jordbruksfôret. Kraftfôret spelte lita rolle som driftsmiddel i jordbruksfôret fram til slutten av 1800-talet. I 1920-åra auka kraftfôrkjøpet relativt sterkt. (Statens Kornforretning 1924-1954:168)

Det var på denne tid Thomas Lura, som den første på Sandnes, startet med produksjon av kraftfør. Dei kunne blanda eitt par tonn kraftfør om gangen. Det blei for lite. Thomas Lura kjøpte ein bygning på Vågen, Havnegt. 8, og innreidde kraftfôrblander der. Bygningen er frå rundt 1900 og var blitt brukt både



Fig. 12

I 1930-åra konstruerte og bygde Olav Lura ei byggførke som framleis står i kjellaren på mølla. Dei produserte bygg-gryn i nokre år. Men det var vanskeleg å få omsett produktet.

som potteri og hermetikkfabrikk, før Thomas Lura kjøpte han. Huset blei utvida og ombygd til lager for korn og mjølvarer og til kontorer. I 3.etasje blei det innreda kjøkken og to rom til bustad. Han kjøpte også opp tilgrensande tomtegrunn i Vågen. I 1926 kjøpte han kulltomta til A/S De Forenede Uldvarefabrikker og i 1930 nabotomta, det kommunale badehuset.

I 1931 bygde han ein stor silobygning, Holbergsgrt. 25. Den inneheld 14 celler som kvar rommer ca. 100 tonn.

Det var også kai til anlegget i Vågen. Krossens Havremølle innførte mais, durham, hvete m.m. til kraftfôrblandingane. Det blei bygd eit sugeanlegg som transporterte mjølet frå båtane, i røyr over Havnegata og inn i silocellene. Det anlegget blei rive tidleg i 1980-åra.




Fig. 14

Vågen i Sandnes med Skretting sitt siloanlegg til venstre og Krossens Havremølle sine kraftførbygninga til høgre. Havnegata 8, huset med ark, blei bygd kring 1900 som potteri. Det var siden brukt til hermetikkfabrikk før Thomas Lura kjøpte bygningen kring 1925 og innreidde han først til lager og frå 1930 til mølle og lager. I 1931 blei silobygningen oppført på nabotomta.




Fig. 15
Jimmy Lura står med fraktbrev på den siste sendinga av havregryn i juni 1988.

Transport til og fra mølla

Krossens Havremølle fekk sin første bil i 1928. Det var ein Chevrolet lastebil. Ei stund hadde dei to bilar.

Under siste krig, 1940-45, blei det bygd stall. Då hadde dei tre hestar, og kjørte opptil 2 tonn havregryn om gongen på 4-hjuls kjerrer.

Tankbil fikk dei i 1960-årene. Den blei brukt til kraftfor. Dei kunne blåsa direkte frå bilen og inn i tank på gardane. Då bilen blei sold bygde den nye eigaren han om til kloakksugebil.

Litteratur og kjelder:

Lensmann M.A. Grude: Jæderen 1814 - 1914, Sandnes 1914.

Lensmann M.A. Grude: Sandnæs historie 1860 - 1910, Sandnes 1910.

E.G. Gramstad, S.W. Hetland, A.M. Sævareid: Nydalen Mølle. Kursoppgave 1/2 årsenhet Samfunnsfag, Stavanger 1986.

Ola Aurenes: Høyland gards- og ættesoge gjennom 400 år. Stavanger 1952.

Statens komforretning 1929 - 1954, Oslo 1954.

Karl Meyer: Vareleksikon, København 1952.

B. Karlgaard, H.P. Rasmussen, G. Gulbrandsen og L. Larsen: Mølleteknikk. STI brevkurser for bygdemøllere, Oslo 1946.

Branntakstar over Thomas Lura sine eigedommar, Norges Brannkasse - Sandnes 1912 - 1939.

Målebrev frå stadskonduktøren i Sandnes over Thomas Lura sine eigedommar 1900 - 1936.

Skjøter tinglyste i Jæren sorenskriveri 1897 - 1930.

Patent nr. 95635 til Thomas Lura, Sandnes for posefyllemaskin, Styret for det industrielle rettsvern, Oslo 1960.

Intervju og notat frå samtalar med Jimmy Lura, Sandnes 1987 - 1988.